



NAMN:
KLASSE:

LÅG MIDDELS HØG

Kva veit du om adjektiv? Sjå på reglane og skriv døme!



Adjektiv

Adjektiv er knytt til substantiv eller pronomen og beskriv eigenskapar ved dei.

Døme:

smarte elevar
gode karakterar
vakker fugl
snille deg!
femte dagen

Gradbøying

Dei fleste adjektiv kan vi gradbøye i positiv, komparativ og superlativ.

Døme:

Positiv

farleg
frekk

Komparativ

farlegare
frekkare

Superlativ

farlegast
frekkast

Reglar for bøying

Enkelte adjektiv har vokalskifte i stammen og bøyingsendelsene -reie og -st. (Stammen er adjektivet utan bøyingsending.)

Døme:

Positiv

stor
ung

Komparativ

større
yngre

Superlativ

størst
yngst

Ei gruppe adjektiv har bøying med ulike stammar. (Stammen er den delen av adjektivet som står igjen når bøyingsendingen er tatt bort.)

Døme:

Positiv

liten
gammel

Komparativ

mindre
eldre

Superlativ

minst
eldst

Lange adjektiv og adjektiv som endar på -a, -(i)sk, -ete og -ande, blir ofte gradbøygde med meir og mest.

Døme:

Positiv

interessant
sinna
norsk
praktisk
bakkete
levande

Komparativ

meir interessant
meir sinna
meir norsk
meir praktisk
meir bakkete
meir levande

Superlativ

mest interessant
mest sinna
mest norsk
mest praktisk
mest bakkete
mest levande

Ordenstal

Ordenstal er tal som fortel om plassen i ei rekkje. Vi kan skrive dei med siffer og punktum eller med bokstavar. Ordenstala reknar vi som adjektiv. Vi kan skrive tal med siffer eller bokstavar.

Døme:

10.
5.
første
sjette

Samsvarsbøying

Vi samsvarsbøyer adjektiv i kjønn, eintal/fleirtal og ubestemt/bestemd form.

Som regel er eit adjektivet direkte eller indirekte knytt til eit substantiv eller eit pronomen.

Døme:

Eit nytt hus

Når adjektivet er predikativ, er det indirekte bunde med substantivet eller pronomenet.

Døme:

Vi var trøytte.

Tilknytning til substantiv.

Døme:

ein ny hatt
eit nytt menneske
ei fersk gransking
eit ferskt brød
nokre gamle tankar

Tilknytning til pronomen:

Døme:

vesle meg
Eg er liten.

Adjektiv på trykklett -e blir ikkje bøygd.

Døme:

stille vatn

Presens partisipp brukt som adjektiv skal ikkje bøyast.

Døme:

dansande gut

Adjektiv på -isk skal vi ikkje bøye i inkjekjønn.

Døme:

Eit praktisk tiltak.

Einstavingsord får til vanleg ending i inkjekjønn.

Døme:

friskt vår
ferskt brød

Adjektiv som ikkje får -t i ubestemt form eintal inkjekjønn:

- adjektiv på -ig og -lig.

Døme:

eit hjarteleg møte

- adjektiv som har med nasjonalitet å gjere.

Døme:

eit norsk flagg

- fleirstava adjektiv på -sk.

Døme:

eit praktisk plagg

- einstava adjektiv på konsonant pluss -sk.

Døme:

eit trolsk smil

Adjektiv som endar på trykksterk vokal, får -tt i inkjekjønn.

Døme:

eit grått hus
eit greitt svar

Merk deg samsvarsbøyinga av adjektiva liten, vesle og eigen

Døme:

Eintal

Hankjønn

ein liten gut
den vesle guten
min eigen sekk

Hokjønn

ei lita jente
den vesle jenta
mi eiga bok

Inkjekjønn

eit lite hus
det vesle barnet
mitt eige fjes

Fleirtal

små/småe hus
dei små/småe husa
mine eigne bøker